



Skoleskipet Gann utanfor Skorpo i ettermiddag

Skoleskipet Gann er ein velsett gjest i fjorden og i dag gjekk denne flytande skulen inn gjennom Storsundet på avslutningstokt til Rosendal og Norheimsund. Ikveld er det grillkveld og så er det slutt for skuleåret for ein populær lærestad med kristen føremålsparagraf..

Siste skuleår var det 453 søkjarar på 120 elevplassar og ein god blanding av gutar og jenter. Dei fleste av elevane har fått tilbod om læreplass etter endt skulegang og det er svært få som sluttar iløpet av skuleåret. Til saman har 10 500 gått på skulen ombord i Gann! Tidlegare var den båten dei nyttar no hurtigruteskipet Narvik som vart teke ut av ruta i 2007.

Utan å gå i detalj her kan vi opplysa at skipet skiftar rolle no ved overgangen til sommaren. Sidan 1953 har dei arrangert sommerturar og tårets turar går til den engelske kanal og Nordkapp. Men målsetjinga for skipet er sjølsagt å vera den fremste faglege utdanninga her i landet for unge som ynskjer ei framtid innan maritim verksemd.

Nokre av argumenta for eit opphald på Gann er lærdom i å verta sjøvant, opplæring av godt kvalifiserte sjøfolk og lærarar, godt sosialt fellesskap, læra å ta ansvar og ha mestringskjensle i arbeidssituasjonar. Det betyr også mykje å få bo på eigen lugar. Iløpet av skuleåret kan ein også ta truckførarkurs og båtførarbevis i tillegg til programområde VG 1 og 2. -teknikk og industriell produksjon og maritime fag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen